




VINJE  
Oppvekst

## VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA I VINJE KOMMUNE

Vedteke i Vinje kommunestyre 15.12.2022



## 1. Eigartilhøve og styring

Vinje kommune er eigar og drivar av skulefritidsordninga (SFO). Verksemdsleiar på kvar skule er pedagogisk og administrativ leiar. Samarbeidsutvala i skule / barnehage er styre for SFO.

## 2. Formål

SFO skal vera eit omsorgs - og fritidstilbod utanom den vanlege skuledagen for 1. - 4. trinn. 5. – 7. trinn har tilbod om SFO annankvar torsdag då skulen har fri. Ved særskilte høve kan ein søkje om utviding av tilbodet for 5. – 7. årssteg. Verksemda skal vera prega av leik og sosial læring. § 13-7 i Opplæringslova. Skulane har ansvar for at elevane også i SFO har godt skulemiljø inne og ute etter § 9A i opplæringslova.

## 3. Opptak

Søknadsfrist 1.april.

Føresette sender søknad til Vinje kommune på elektronisk skjema.

Verksemdsleiar er ansvarleg for opptak. Ved avslag om søknad om plass er Oppvekstutvalet klageinstans.

### 3.1. Opptakskriterier (prioritert rekkjefylgje).

- A. Barn med funksjonshemmingar eller andre særskilde behov. Krav om dokumentasjon ved søknaden.
- B. Barn av einslege foreldre i arbeid eller utdanning.
- C. Barn som har både foreldra i arbeid eller utdanning.
- D. Dersom ikkje alle søkjarane kan få plass, får yngre barn plass framfor eldre.

### 3.2. Opptaksperiodar.

Hovudopptak skjer kvar vår. Vedtak om plass gjeld ut 4. klasse eller til du søker endring eller seier opp. Du må søkje på nytt om du vil ha barnet på SFO på mellomtrinnet. Her gjeld plassen ut 7.klasse eller til du søker endring eller seier opp. Ved ledig kapasitet, kan SFO ta imot barn utanom dei som er fast påmelde. Foreldra avtalar dette seinast dagen før.

### 3.3. Oppseiing av plass.

Tildela fast SFO plass kan seiast opp med varsel på 30 dagar. Oppseiinga sendast på elektronisk skjema. Det må betalast for plassen i oppseiingstida.

## 4. Bemanning

Norma for bemanning er 1 vaksen pr. 10 - 13 barn. Dette avheng av alderssamansetning og gruppedynamikk.

## 5. Opningstid

- A. SFO er open inntil 5 d/v i tida 07.30 – 16.30. Skulane kan innvilge utvida opningstid etter dokumentert skriftleg søknad.

- B. SFO er stengt jole- og nyttårseftan og onsdagen før skjærtorsdag frå kl. 12.00.
- C. SFO skal vere stengt dei tre siste heile vekene i juli og 5 dagar pr. år som er sett av til planlegging og samarbeid for dei tilsette.
- D. Barna skal ha 4 veker ferie pr. år.
- E. Ved færre enn tre påmelde barn kan skulen vurdere å stenge SFO denne dagen. Føresette blir kontakta for endeleg avgjersle.

## 6. Betaling

SFO blir driven med inntekter frå staten, kommunen og foreldra. Betalinga blir kravd inn etterskotsvis for 10 månader i året (september til mai, halv juni og halv august). Haust- og vinterferie er med i det vanlege tilbodet utan ekstra betaling. Det er eigen påmelding for joleferie, påskeferie og sommarferie. Dei som kjøper dagar i ferien, betalar etter rekning månaden etter. Påmeldinga er bindande og dannar grunnlag for fakturering. Ein skal betale for heile dagar i feriane.

Dei som kjøper enkelttimar / - dagar på SFO utanom ferie, betalar etter rekning kvar måned.

Betaling i barnehage og SFO skal ikkje overstige makspris den 11. månaden.

## Gratisplass

Alle 1. og 2. klassingar har gratis SFO-tilbod. Gratisplassen gjeld frå dei startar på SFO i 1. klasse til dei tek sommarferie i 2. klasse.

## Syskenmoderasjon

I spørsmål om syskenmoderasjon skal ein sjå barnehage og SFO under eitt. Du betalar full pris for det yngste barnet i barnehage eller SFO, medan du får 50% syskenmoderasjon på barna som kjem etter. Syskenmoderasjonen gjeld også for SFO på mellomtrinnet. Om det yngste barnet er ein 1. klassing med gratisplass må ein betale full pris for barn nummer 2.

## Redusert foreldrebetaling

Du kan søkje skriftleg til skulen om reduksjon i foreldrebetalinga for skulefritidsordninga på 1.-4. årstrinn, dersom:

- a. foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet det siste året, eller
- b. det er ein varig nedgang i inntektene til hushaldet inneverande år som gjer at foreldrebetalinga for eitt skuleår utgjer meir enn seks prosent av inntektene til hushaldet
- c. Friplass i SFO for barn frå heimar med samla inntekt under 4 G..

For søknader før 1. august gjeld kommunen sitt vedtak frå 1. august og ut skuleåret. Blir det søkt etter 1. august, gjeld vedtaket frå fyrste heile måned etter søknadstidspunktet og ut skuleåret.

## 7. Måltid

Dersom barna får mat på SFO, vert måltida fakturert til sjølvkost. Satsane for måltida

heng saman med matvare prisen og blir difor prisindeksjustert i januar.

### **8. Plassering**

SFO er til vanleg på skulane, i skulebygget.

### **9. Prisar**

Satsane for SFO ligg på heimesida til Vinje kommune. Satsane kan bli justerte i samband med budsjetthandsamingane og ved prisindeksjustering.